



Miljødirektoratet
Postboks 5672 Torgarden
7485 TRONDHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Trond Roger Oskars, 71 25 85 78
Anne Grete Kleven
Magnus Tornes

Høyringsssvar, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal - Endringar av forureiningsregelverket for akvakultur

Vi viser til høyringsforslag frå Fiskeridirektoratet og Miljødirektoratet sendt den 11.09.2020.

Det er mogleg å oppnå fleire fordelar ved å forskriftsregulere forureining frå akvakultur dersom det blir gjennomført på ein god måte. Vi ser samstundes at framlegga til endring i regelverket kan gi betydeleg fare for negative verkingar på miljøet om ikkje krava til undersøkingar blir styrka.

Vi har difor fleire merknader til det framlagte regelverket. Det gjeld i hovudsak at det trengst strengare krav til kartlegging av sårbare artar og natur, miljøundersøkingar og vurdering i forhold til vassforskrifta og naturmangfaldlova:

Det bør forskriftsfestast at kartleggingar, miljøundersøkingar og vurdering i forhold til vassforskrifta og naturmangfaldlova som følgjer søknaden om etablering av akvakultur skal ha gjennomgått ein tredjepartskontroll for å sikre kvalitet og truverdighet.

Det bør forskriftsfestast klagerett på Statsforvaltaren si avgjerd om at ein akvakultursøknad ikkje treng behandling etter § 11 i forureiningslova.

Eit alternativ til forskriftsregulering er at standardvilkår blir forskriftsfesta mens løyve gis etter § 11 i forureiningslova.

Akvakultur er ei politisk høgt prioritert vekstnæring. Det er difor viktig at det blir arbeid aktivt for å sikre berekraftig utvikling og vekst innafor akvakultur. Vi tar FN sin definisjon av *"bærekraftig utvikling"* som utgangspunkt. Det er definert som: *"Utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov."*



I tillegg til kravet om berekraft, er det eit sterkt ønskje om å forenkle sakshandsaming og oppfølging av næringa.

Det er difor viktig at det faglege grunnlaget for å ta avgjerder blir styrka. Vi ser positivt på at det er framlegg om vesentleg styrking av kravet til miljødokumentasjon som skal følgje søknader om akvakultur. I dag er det varierende dekning og kvalitet på det kunnskapsgrunnlaget som kjem inn med søknadene. I nokre høve kan det og stillast spørsmål ved om konklusjonane som kjem er fagleg nøytrale og balanserte. Dersom vi skal sleppe gjentatte rundar der vi må etterspørje nye data eller nye vurderingar, må det forskriftsfestast krav om en uavhengig tredjepartskontroll for faggrunnlaget som følgjer søknaden.

Dersom søker også blir pålagt å levere ei vurdering av søknaden etter § 7; jf. §§ 8-12 i naturmangfaldlova og etter vassforskrifta samstundes med at kravet til tredjepartskontroll blir forskriftsfesta, vil det effektivisere søknadsprosessen vesentleg. Ei slik løysing vil og styrke likebehandling innafor akvakulturnæringa.

Dersom dette blir gjennomført, vil Statsforvaltaren sitt arbeid med akvakultur kunne dreiest vesentleg meir over til tilsyn og forbetningsarbeid i samarbeid med næringa, Fylkeskommunen, Mattilsynet, Fiskeridirektoratet og Kystverket.

Akvakulturnæringa er sterk i Norge, og vi har gode føresetnader for god økonomi. Skal økonomien halde seg god, er næringa avhengig av eit godt omdøme. Det blir difor unyansert å framstille positive og negative verknader av endringsforslaga slik det er gjort på sidene 12-13 i notatet "*Konsekvensvurdering av forslaget til forskriftsendring*". Mange av tiltaka innafor miljøfeltet vil vere positive for næringa sjølve gjennom betra drift. Sikring av miljøkvalitetar kan og virke direkte inn på overleving og kvalitet på den fisken som blir produsert. Det gir også betre omdøme som kan vere avgjerande for å sikre seg gode marknadsandelar.

Det er eit problem dersom einskilte næringar får eksklusive rettar til å nytte areal som opphavelag er ålmenta sine areal utan at ålmenta får nytte sine demokratiske rettar før eit areal blir omdisponert. Akvakultur som næring får ved sine løyve eksklusiv rett til å nytte areal som i utgangspunktet er ålmenta sine areal. Det er enda meir inngripande i ålmenta sine rettar enn etablering av vindmølleparkar på land der det vil vere ein eller fleire grunneigarar som har ein del eksklusive rettar, medan ålmenta har rett til fri ferdsel i utmark. Ferske konflikhtar knytt til etablering av vindmølleparkar gir oss ei viktig påminning om kor viktige dei demokratiske spelereglane er i vår kultur.

Vi vil difor på det sterkaste rå ifrå at ålmenta blir hindra frå å klage på Statsforvaltarane sine avgjerder etter § 33-2, 2. om at det ikkje er trong til å behandle ein utsleppssøknad etter § 11 i forureiningslova. Berre dersom den aktuelle lokaliteten er avklart som akvakulturlokalitet gjennom ein kommuneplanprosess eller tilsvarande etter plan- og bygningslova, kan det forsvarast å ikkje innrømme klagerett på desse konklusjonane. Vi rå difor til at dei som er part i saka eller har rettsleg klageinteresse innrømmast klagerett ved at det tas inn i regelverket i forureiningsforskrifta.

Eit alternativ til full forskriftsregulering kunne vere å forskriftsfeste standard minimumsvilkår medan Statsforvaltaren fattar einskildvedtak om løyve. I så tilfelle måtte Fylkesmannen grunngje spesielt dersom det skulle settast andre vilkår enn dei forskriftsfesta minimumsvilkåra. På denne måten ville det også automatisk følgje ein ordinær klagerett.



For meir utfyllande kommentarar til dei ulike delane av høyringa viser vi til vedlegg som følgjer dette brevet.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
miljøverndirektør

Ulf Lucasen
assisterande miljøverndirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Fiskeridirektoratet

Postboks 185 Sentrum

5804 Bergen



Vedlegg 1 : Utdjuping av innspel til høyringa

Det er viktig å peike på at uansett korleis ein tenkjer å regulere akvakulturnæringa, vil vi som forvaltning ha krav til ei forsvarleg saksbehandling. Kravet om forsvarleg saksbehandling¹ gjeld også i dei sakene der vi finn at det ikkje er naudsynt med løyve etter forureiningslova.

Det blir i høyringsdokumenta opplyst om at avgjerda om at vi *ikkje* vil bruke vår myndigheit for å konsesjonsbehandle søknaden, ikkje er eit enkeltvedtak. Dette er vi usikker på er riktig.

Arealplanar og kommuneplanar

Ofte opplev vi at det blir søkt på lokalitetar utan at kommunane har gjort ei god nok vurdering av naturverdiane eller allmenne interesser i eit område. Dette gjeld der det er satt av areal til fleirbruksføremål kor akvakultur er eit av fleire føremål, men særleg der det ikkje er satt av areal til akvakultur i heile tatt. I dei tilfella må det på plass ein dispensasjon frå arealplan. Dette er uheldig fordi det gjer at allmenta får mindre moglegheit til å medverke. Det kan ofte føre til at mange blir misfornøgde med tap av fjordområda med viktige fiskeplassar.

Ein søknad om dispensasjon kan ofte vere tidkrevjande, og for å spare tid blir det ofte sendt søknad parallelt til sektormyndigheitene.

Vi ser det som ei føresetnad at forskriftsendringane stiller strengare krav til kommunane (og oppdrettarane) om at reguleringa av arealplanar er ferdig *før* søknadene blir sendt til sektorstyresmaktene.

Formøte

I mange sakar har vi god kontakt med søkarane i *forkant* av at dei sendar inn søknad. Eit formøte kan vere ein veg å gå for å unngå forseinkingar. Fleire av sektorane blir invitert med på slike møte. Her kan det vere mykje tid å spare *før* søknaden blir sendt over til behandling. Det kan også vere slik at ein unngår å søkje på lokalitetar som forvaltninga har erfart at er ueigna for oppdrett. Om vi kan spele inn våre forventningar og eventuelle motførestillingar tidleg i prosessen, vil det ikkje kome som noko overrasking på søkjar dersom det blir kravd løyve etter forureiningslova. Det vil også vere større sjanse for at vi ikkje gir løyve, om ikkje dei risikoreduserande tiltaka blir gode nok.

Sikre god kvalitet på søknad – kontrollere søknaden før den blir sendt

Det er søkar som har ansvar for å sikre at søknaden stettar kvalitetskrava stilt i gjeldande standardar eller av myndigheitene, og at saka er så godt opplyst som mogleg. Kvaliteten på undersøkingar er søkar sitt ansvar, sjølv om oppdraget med å utføra desse blir satt bort til akkrediterte miljøkonsulentar.

For å forhindre at søknaden tek lengre tid å behandle i forvaltninga, så kan det gjerast meir på førehand. Det må leggjast inn krav om at søknader og miljøundersøkingane som ligg ved, ikkje inneheld feil eller manglar. Å måtte gå gjennom og stille krav om utbetringar av rapportar eller nye undersøkingar er ein hyppig tidstyv for forvaltninga i søknadsprosessar.

Dette kan løysast ved at søkarane setter seg betre inn i kva forvaltninga og sektorstyresmaktene stiller som krav for søknadene. Dette kan ofte løysast, som nemnt ovanfor, med eit formøte.

¹ Forvaltningslova § 17



Ei anna og sikrare løysning på dette problemet er å sette krav om tredjeparts kontroll av søknadane og vedlagte miljøundersøkingar. Dette er ein metode som blir brukt innafør forskning og andre fagområde, for å kvalitetssikra resultata frå ei undersøking og den følgande rapporten. Tredjepartsvurderingar blir gjerne utført av uavhengige ekspertar innanfor same fagfelt.

Hovudføremålet med denne metoden er å sørge for at resultata eller rapportar som inneheld alvorlege feil, feil framstilling, feil tolking av resultantane eller tolkingar utan hold i resultata blir retta opp før søknaden blir send inn. Tredjepartsvurdering kan også avdekke og sortere ut rapportar som held for lav kvalitet i forhold til gjennomsnittet eller standardar, og bidreg til å sørge for at rapportane som blir gjort tilgjengelege for forvaltninga, forskinga og offentlegheita held høg kvalitet og danner eit solid kunnskapsgrunnlag. Det er også ein god måte for oppdragsgjevarane å vise at dei ikkje har hatt noko påverking på resultata eller framstillinga av dei. Ei slik uavhengig vurdering vil og bidra til at resultata blir meir truverdige. Saksbehandlingstida vil og bli korta inn når forvaltninga slepp å fokusere så mykje på kontroll av vedlegga til ein søknad.

Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag

Vi har i dag meir kunnskap om påverknad frå akvakultur, enn kva vi hadde da mange av dagens lokalitetar blei tekne i bruk. Det har skjedd både ved forskning² og ved at det har vore krav om miljøundersøkingar både ved oppstart og ved drift.

Tilstrekkeleg kartlegging av naturmangfaldet rundt eit planlagd anlegg må vere ei forutsetning for at ein skal kunne nytta ei forenkla saksbehandling etter forskriftene. I dag stiller vi krav om ytterlegare undersøkingar før behandling av søknad viss det er grunn til å tru at eit anlegg kan komme til å påverke trua eller sårbare arter eller naturtypar negativt.

Under «*Merknader til de enkelte bestemmelsene*» står det mellom anna følgjande:

«Arter og naturtyper som etter norsk rødliste for arter og norsk rødliste for naturtyper er kritisk truet, sterkt truet eller sårbare regnes som "truet". Disse har høy til ekstremt høy risiko for å dø ut i Norge hvis de rådende forhold vedvarer. Med "viktige" marine naturtyper mener vi naturtyper som vurderes som svært viktige eller viktige i henhold til DN-håndbok 19-2001 "Kartlegging av marint biologisk mangfold". Store, intakte tareskogområder, visse ålegrasenger og forekomster av steinkoraller og hornkoraller er eksempler på viktige marine naturtyper. Informasjon om kjente forekomster av truede arter og naturtyper og av spesielle naturtyper viktig for biomangfoldet finnes i Miljøstatus kart. En del informasjon finnes også i Fiskeridirektoratets nettbaserte kartverktøy og i Miljødirektoratets Naturbase.»

Problemet her er at slike naturtypar og artar i sjø i dei fleste høve er mangelfullt kartlagt i kystnære strøk. I dei fleste høve blir dei oppdaga ved ein tilfeldighet eller i forbindelse med eit tiltak som i blomkållkorallsaka ved Husevågøy³. Dette er naturlegvis eit resultat av at det meste av havet under overflata er utilgjengeleg for dei aller fleste utanom ved bruk av spesielt utstyr. Følgeleg er det litt tilfeldig om slike førekomstar, som kan være trua av eit gitt anlegg, er å finne i dei offentlege databasane.

I nettsaka om avslaget til permanent oppdrett ved Husevågøy⁴, peiker Miljødirektoratet på at det burde bli innført eit krav om kartlegging av eventuelle førekomstar av sårbar og verdifull natur ved

² Havforskningsintitutet https://www.hi.no/hi/nettrapporter?query=&fast_serie=risikorapport-norsk-fiskeoppdrett

³ Statsforvaltaren i Vestland trakk eit løyve då ein dykkar fant store førekomstar av blomkållkorall (*Drifa glomerata* (Verrill, 1869)) samt ande arter av korallar under og ved et planlagt anlegg. Saken ende med at Miljødirektoratet tillèt oppdrettarane berre ein produksjonssyklus, påla dei strenge krav til overvaking og rask handling (inkludert stans i drift) dersom korallane viste teikn til skade

⁴ <https://www.miljodirektoratet.no/aktuelt/nyheter/2020/januar-2020/nei-til-permanent-oppdrett-pa-husevagoy/>



akvakulturlokalitetar og at det er behov for å utvikle gode metodar for dette. Det blei også nemnt at dette skulle tas opp i revideringa forureiningsregelverket for akvakultur, men eit slikt krav om kartlegging kjem ikkje tydeleg fram i dokumenta frå Miljødirektoratet og Fiskeridirektoratet som no er på høyring. Derimot blir det skreve at forundersøkingane skal kunne avdekke eventuelle sårbare habitat i området rundt planlagt plassering av anlegg i større grad enn før. Dette grunna at kartlegginga får større omfang og areal enn tidlegare. Det blir antyda at den no forskriftfesta referansestasjonen 1 km unna anlegget ligg til grunn for dette. Derimot er undersøkingane som utført etter til NS9410:2016 tilpassa blautbotn. Slike punktundersøkingar vil i de fleste tilfellet ikkje fange opp habitata på overflata av sjøbotnen eller organismar (til dømes korallar) som lever på hardbotn i nærleiken av anlegget.

I høyringsdokumenta frå Miljødirektoratet og Fiskeridirektoratet er det skreve:

I arbeidet med forskriftene har direktoratene ikke vurdert spørsmålet om det er grunn til å stille krav om at søkere bør gjøre nærmere undersøkingar for å avdekke om det finnes sårbart naturmangfold som kan bli negativt påvirket av forurensning fra virksomheten. Direktoratene ser behov for et slikt krav, men det er behov for mer kunnskap om metodikk.

Vi meiner at tilfredsstillande metodikk ligg føre i form av filming under vatn med ROV⁵. ROV er kanskje ikkje den beste løysninga for slik kartlegging, men det er den beste løysinga fram til ny metodikk blir utvikla. Krav om ROV-undersøkingar for å kartlegge korallar eller annan sårbar natur rundt anlegg er noko vi har pålagt anlegg i Møre og Romsdal ved fleire tilfelle den siste tida med stor suksess. Dei fleste miljøkonsulentane som opererer langs kysten, har god kunnskap og kompetanse på slike undersøkingar. Vi har også stilt som krav at særskilte funn skal registrerast i artsobservasjoner.no med bildar/video slik at informasjonen blir lettare tilgjengeleg i offentlege databasar for publikum og forvaltninga.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal anbefaler derfor på det sterkaste at ROV-kartlegging av sårbare arter og naturtypar blir tatt inn i forskrifta som et krav før etablering av ein lokalitet. Dersom en slik ROV-kartlegging blir utført samtidig med ei forundersøking, blir det lettare å avklare om akvakultur ved ein gitt lokalitet utgjer ein trussel for sårbar natur eller ikkje. Dersom det skulle førekomme slike naturtypar rundt eksisterande anlegg som søker auking, kan det utviklast ei overvaksingsplan som kan godkjennast av sektorstyresmaktene.

Det kan fort bli større risiko og kostnader for miljøet, naturmangfaldet og oppdrettarane ved å la være å stille krav om slik kartlegging enn å faktisk pålegge de det. Dette kommer tydeleg fram i den mye omtalte blomkållkorallsaka ved Husevågøy i Kinn kommune. Denne saken er eit godt eksempel på at dei gjeldande krava til miljøundersøkingar for akvakulturanlegg (B- og C-undersøkingar tilpassa blautbotn) ikkje alltid er tilstrekkeleg til å dokumentere naturverdiar rundt anlegga. Saken belyser og viktigheita av å dokumentere eventuelle ukjente naturverdiar tidleg i søknadsprosessen. Dette er med omsyn til korallanes sakte vekst og korallanes og andre sårbare naturtypars høye økologiske verdi, men også av omsyn til akvakulturbedriftenes økonomi og store samfunnsverdi som arbeidsgivar og produsent. Alle disse faktorane kan bli sterkt pressa dersom slike naturverdiar blir oppdaga seint i prosessen med å etablere eller endre akvakulturanlegg. Vi er fullt klar over at dette vil påføre bedriftene fleire utgifter, men samtidig kan det bli mye meir kostbart for dei om det blir oppdaga sårbar natur rundt anlegget i ettertid.

I forslaga våre til endringar i forskriftene (sjå vedlegg 2) har vi nytta dei standard formuleringane vi har nytta i nylege løyver og krav om nye undersøkingar.

⁵ *Remotely operated vehicle, fjernstyrt undervassfartøy*



Nyleg kom og Havforskningsinstituttet (på oppdrag av Fiskeridirektoratet) med ei eiga anbefaling til kartlegging av korallar og svampar i forkant av etableringa av oppdrettsanlegg. Denne bør også vurderast som ein standard når ein kartlegge sårbar natur⁶. Det bør også vurderast om den bør vere eit nytt krav i forskriftene.

Straummålingar

Når det gjelder stramundersøkingar er vi svært fornøgd med at det er foreslått å forskriftsfeste straummålingar som eit minstekrav for ein akvakultursøknad. Vi har erfart at NS9410 ikkje spesifiserer godt nok at kartlegging av sprengingsstraumen trengs for å sikre riktig plassering av stasjonane i C-undersøkingar. Forskriftsendringane legger også opp til at det er anledning til å bruke eldre stramundersøkingar for ein lokalitet, noko vi har erfaring med fører til at det sjeldan blir laga nye målingar. Dette førar ofte med seg at stasjonane blir plassert ut ifrå overflatestraumen i mangel av sprengingsstraumen. Vi har utvist skjønn på dette om sprengingsstraumen er tydeleg ut ifrå målingane på andre djup, men dette førar ofte til at vi må stille krav om nye stramundersøkingar. Nye undersøkingar leder også ofte til at vi må stille krav til ny C-undersøkinga grunna at stasjonane er feil plassert i forhold til hovudstraumretninga på sprengingsdjupet. Dette fører til ytterlegare kostnader for oppdrettarane, og gjer at søknadsprosessen blir dratt ut i tid.

Vi foreslår å stille krav om måledjup og korleis straumen skal målast. Som det nemnes i brev av 24.04.2019 frå Miljødirektoratet om *Presisering av standard NS2019:2016*, går det ikkje tydeleg fram av standarden korleis ein definerer hovudstraumretninga. Vi meiner dette bør definerast tydelegare og forskriftsfestast. Dette er særleg grunna i at krava til korleis straumar skal målast og desse skal målast på-, ikkje står i et lovverk eller ein standard, men blir stilt i rettleiaren til utfylling av søknaden⁷.

I dag er kortaste perioden for målingane kan utførast er 4 veker. Ideelt sett burde denne perioden forlengast til en lengre periode, helst eit år eller 4 veker kvar årstid. Dette ser vi er vanlig i resipientundersøkingar i forbindelse med avløp i større tettstader. Grunnlaget for dette er at hovudstraumretninga kan endre seg mykje får månad til månad og årstid til årstid eller på grunn av påverknad frå tidevatn og avrenning av ferskvatn frå land. Desse forskjellane kan føre til at stasjonane i C-undersøkingane blir plassert feil i forhold til den reelle påverkinga til anlegget.

Strandsonesynfaring/Strandsonebefaring og strandsoneundersøkingar

Vi har i dei fleste tilfelle pålagt søkaren ei årleg synfaring av påverka strandsone samt littoral- og sublittoralundersøkingar med kartlegging av makroalgar. Sistnemnte er som oftast gjort kvart sjette år, dersom miljøtilstanden ikkje tilseier noko anna. Dette er noko vi svært gjerne skulle sett forskriftsfestet, særleg med tanke på at vi ikkje lengre kan sette det som eit vilkår i løyva. I vedlegg 2 har vi eit forslag til formulering.

Forslaga til kva parameter som skal målast i littoral og sublittoralundersøkingane er i hovudsak basert på våre malar, men bør kanskje tilpassast til parameterane for strandsone i Vegleiar02:2018⁸.

Vassforskrifta og utslepp av kjemikalier

I dokumenta blir det konsekvent skreve «*stoffer som har blitt sluppet ut*» eller «*stoffer som blir sluppet ut*» eller «*stoffer som vil bli sluppet ut*». Det må gjerast tydeleg at dette gjeld alle diffuse utslepp samt

⁶ <https://www.hi.no/hi/nettrapporter/rapport-fra-havforskningen-2020-43>

⁷ <https://www.fiskeridir.no/content/download/7273/91153/version/4/file/veileder-landbaserte-flytende-anlegg-bm.docx>

⁸ <https://www.vannportalen.no/veiledning/klassifiserings/>



kjemikalier frå fôr og impregnerte nøter som kan forårsake akutt dødelegheit eller langsiktige skadar på naturmangfaldet rundt eit anlegg. Det verkar som om forskrifta legg opp til at målingar av desse utsleppa skal tilpassast kvart enkelt anlegg og drifta av desse. Her foreslår vi at det heller må utviklast standardar som er framsynte og krev at det tas prøver av kjemikalier ein kan forvente å finna ved eit kvart oppdrettsanlegg. Dette bør vere uavhengig av kva kjemikalier søkarane skriv at dei vil sleppe ut eller har sloppe ut. Ein må ta høgde for alle kjemikalier som kan tenkast å bli brukt ved anlegga når ein skal ta null-prøvane. Dette er ettersom ein ikkje vet korleis situasjonen ved eit anlegg kan endra seg ved drift over tid, til dømes bruk av antibegroingsmidlar eller lusemidlar. Alternativt kan det stillas krav om at alle nye kjemikalier som vert tatt i bruk må varslast og nye 0-prøvar må testast før dei blir nytta.

Løyve etter forureiningslova for å redusere uakseptabel risiko

For at vi skal kunne behandla saka etter forskrifta må lokaliteten vere klarert for sårbar natur, alle nødvendige undersøkingar og planstatus. Om lokalitetane ikkje er grundig nok kartlagt med standard miljøundersøkingar og utvida undersøkinga for trua og sårbar natur, vil faren for skade på naturmangfaldet og miljøet vere større enn det vi kan akseptere. Då må det setjast strengare vilkår for å redusere risikoen, og føre – var – prinsippet må leggjast til grunn, jf. naturmangfaldslova § 9.

I forslaget er det gitt at Statsforvaltaren har høve til å bestemme at ein søknad må behandlast etter § 11 i forureiningslova dersom det er «grunn til å tro» at trua arter eller naturtypar kan ta skade av et anlegg. Det blir også skrevet at:

«Mistanken om at slike arter, bestander eller naturtyper kan bli negativt påvirket må imidlertid bygge på visse objektive holdepunkter. En vag mistanke er ikke tilstrekkelig».

Dette blir særst vanskeleg å avgjere dersom det ikkje ligg eit solid kunnskapsgrunnlag til grunn, og når vi ikkje lenger har høve til å krevje ytterlegare undersøkingar. Forskriftsendringane gjer at Statsforvaltaren mister sjølvstendig myndigheit til å krevje slike utvida undersøkingar før vi behandlar søknaden, men at eit slikt krav må settast i samråd med fylkeskommunen og Fiskeridirektoratet. Om lokalitetane ikkje er grundig kartlagt med standard miljøundersøkingar og utvida undersøkinga for trua og sårbar natur, kommer dette til å føra med seg at vi må krevje utsleppsløyve for ein stor del av lokalitetane. Dette gjer at heile poenget med forskriftsendringane fell bort.

Dei forskjellige statsforvaltarane kan tenkast å vurdere dette svært forskjellig, og avhenge mykje av arbeidet med vassforskrifta. Da blir det vanskeleg å oppnå en lik saksbehandling på nasjonalt nivå. Grundige undersøkingar i forkant av klarering av lokalitetane vil då være svært viktig for å få lik saksbehandling. Slik vi ser det kan vi ende med å måtte be om løyve på lokalitetar som ligg i dårleg kartlagde område eller resipientar.

Oppfølging av bransjen

Det å regulere ved bruk av forskrift vil gjere at bransjen må forhalda seg til standardiserte krav. Tilsyn⁹ viser dessverre at akvakulturnæringa har avvik når det gjeld miljørisikovurderingar, manglande kvalitet på resipientundersøkingar og at det er manglande kunnskap om korleis verksemda påverkar resipienten.

⁹ Tilsynsaksjonar vart gjennomført i 2017 og 2019. Sist vart det avdekka manglar knytt til miljørisikovurderingar i 46 % av kontrollane. 28 % av kontrollane avdekket manglar til kvaliteten på resipientundersøkingane. Vidare var det i 19 % av kontrollane manglande kunnskap om korleis verksemda påverkar resipienten.



Misleghaldsgebyr / Overtredelsesgebyr

Vi har opplevd at fleire miljøundersøkinga ikkje blir utført til rett tid etter NS9410, ettersom oppdrettsbedriftene bestiller undersøkingane for seint, eller lar vere å få dei utført. Vi har ikkje ein effektiv reaksjon på dette utover å krevje at det blir utført ved førstkommande produksjonstopp eller krevje tvangsmulkt, som er ei tidkrevjande oppgåve. Vi foreslår at det blir innført eit misleghaldsgebyr tilsvarande prisen på dei manglande miljøundersøkingane i forskriftene.



VEDLEGG 2

Endringane Statsforvaltaren i Møre og Romsdal foreslår i utkastet til endring av forskriftene (skrevet på bokmål ettersom høyringsdokumenta var på bokmål):

- **Akvakulturdriftforskriften**

§ 40b. Miljøovervåking av organisk bunnpåvirkning i overgangssonen

.....

Eventuelle funn av rødlistede arter, truede arter, ansvarsarter, arter av forvaltningsinteresse samt fremmede arter skal rapporteres inn til www.artsobservasjoner.no. Dersom bilder av organismene foreligger, bør disse legges ved observasjonene.

§ 40e. Befaring av strandsonen og overvåking av fastsittende alger alternativt *Befaring av strandsonen, litoral og sublittoralundersøkelser (Strandsoneundersøkelse) og overvåking av fastsittende alger*

Forslag til nytt ledd i denne paragrafen:

Statsforvaltaren skal ha rapport fra befaring og overvåking seinest 4 uker etter at dette er gjennomført.

Kommentarer:

Synlig forurensning, f.eks. i form av fett eller oljefilm, og effekter av forurensning som kan tilskrives virksomheten, f.eks. algevekst skal registreres. All miljøpåvirkning som kan tilskrives virksomheten skal dokumenteres med tekst og bilder.

Litoral og sublittoralundersøkelser (Strandsoneundersøkinga)

Det skal gjennomføres undersøkelser av litoral- og sublittoralsone (strandsoneundersøkinga) med utgangspunkt i NS-EN ISO 19493:2007¹⁰ (eller nyere versjoner av standarden) ved første periode med maksimal produksjon ved lokaliteten. Deretter skal undersøkelsene utføres med en frekvens som en uavhengig, faglig instans vurderer som tilfredsstillende, men minst en gang hvert sjette år. Undersøkelsene skal utføres av en uavhengig, kompetent faginstans og resultatene skal ha en faglig vurdering i forhold til miljøpåvirkning. Statsforvaltaren kan ved behov fatte vedtak om en annen undersøkelsesfrekvens, dersom tilstanden i strandsonen tilsier dette.

Undersøkelsene må også inkludere målinger av næringssaltene fosfor (Tot. P (µg/l)) og nitrogen (Tot. N (µg/l)) ved influenssone og en referansesone.

Makroalgeundersøkinga

Bedriften skal overvåke tilstanden til makroalgene i strandsone og grunne områder i overgangssonen iht. veileder for makroalger i vannforskriften. Undersøkelsene kan utføres separat eller i kombinasjon med litoral og sublittoralundersøkinga.

Undersøkelsene utføres ved første periode med maksimal produksjon, med en frekvens som en uavhengig, faglig instans vurderer som tilfredsstillende, men minst en gang hvert sjette år. Undersøkelsene skal utføres av en uavhengig, kompetent faginstans og resultatene skal ha en faglig vurdering i forhold til miljøpåvirkning. Statsforvaltaren kan ved behov fatte vedtak om en annen undersøkelsesfrekvens, dersom tilstanden i strandsonen tilsier dette.

¹⁰ Vannundersøkinga - Veiledning for marinbiologisk undersøkinga av litoral og sublittoral hard bunn (ISO 19493:2007)



- **Forskrift om endringer i forskrift om tillatelse til akvakultur av andre arter enn laks, ørret og regnbueørret**

§ 10. Minstekrav til søknad

Forslag til presisering:

Søknad om akvakultur skal inneholde *opplysninger om hovedstrømretningen på lokaliteten*. Hovedstrømretningen skal forstås som den retningen som dominerer for spredningsstrømmen. Det kan settes krav til måleperiode.

§ 10b. Særlige krav for søknad om akvakultur av fisk på lokalitet i sjø

Kommentar til c), strømmålinger:

strømmålinger av overflatestrømmen (5 m), vannutskiftingsstrømmen (10-15 m), spredningsstrømmen (skal måles midt mellom merdbunnen og sjøbunnen, men likevel ikke dypere enn 50 m fra merdbunnen) og bunnstrøm (Måles 1 m over sjøbunnen, eller så dypt det lar seg gjøre). For å få representative strømmålinger, må disse foretas kontinuerlig over en periode på minst 4 uker [ideelt sett en lengre periode]. Dersom strømmålingene ikke viser en entydig hovedstrømretning i spredningsdypet, eller varierer i stor grad, må det vurderes over en lengre periode enn minimumskravet på 4 uker.

Forslag til nytt punkt:

kartlegging av koraller, sårbare arter og sårbare naturtyper som svamp, sjøfjær og rødlistede arter/naturtyper.

Kommentarer til nytt punkt:

Kartlegging skal utføres med ROV¹¹ eller sammenlignbar metode i henhold til Norsk Standard NS-EN 16260:2012¹². Undersøkelsene skal avdekke om det finnes truede, sårbare eller andre viktige naturverdier innenfor 1000 meter fra anlegget¹³. Undersøkingsene skal foreligge før etablering eller en vesentlig endring av et anlegg. Undersøkningen skal utføres av personell med relevant marinbiologisk kompetanse. De planlagte transektene skal godkjennes av Statsforvaltaren før de utføres. Eventuelle funn av koraller, andre sårbare grupper, samt øvrig identifisert fauna skal rapporteres inn i www.artsobservasjoner.no med bilder for å muliggjøre verifisering. Videomaterialet skal oversendes i sin helhet til Statsforvaltaren.

- **Forskrift om endringer i laksetildelingsforskriften**

§ 36. Minste krav til søknad om klarering av lokalitet i sjø

Kommentarer til c):

opplysninger om hovedstrømretningen på lokaliteten. Hovedstrømretningen skal forstås som den retningen som dominerer for spredningsstrømmen. Det skal foreligge strømmålinger av overflatestrømmen (5 m), vannutskiftingsstrømmen (10-15 m), spredningsstrømmen (skal måles midt mellom merdbunnen og sjøbunnen, men likevel ikke dypere enn 50 m fra merdbunnen), Bunnstrøm (Måles 1 m over sjøbunnen, eller så dypt det

¹¹ Remotely operated vehicle

¹² Vannundersøkelse - Visuelle bunnundersøkelser med fjernstyrte og/eller tauete observasjonsfarkoster for innsamling av miljødata

¹³ Her følger vår spesifisering for kartlegging brukt i tillatelser og krav: Det skal kartlegges for øyekorall (*Lophelia pertusa* (Linnaeus, 1758)) samt de artene som kan danne den rødlistede naturtypen hardbunnskorallskog som inkluderer korallskog (*Paragorgia arborea* (Linnaeus, 1758), *Paramuricea placomus* (Linnaeus, 1758), *Primnoa rasedaeformis* (Gunnerus, 1763), m.fl.) og blomkållkorallskog (*Drifa glomerata* (Verrill, 1869), *Duva florida* (Rathke, 1806), *Gersemia* Marenzeller, 1878).



lar seg gjøre). For å få representative strømmålinger, må disse foretas kontinuerlig over en periode på minst 4 uker. Dersom strømmålingene ikke viser en entydig hovedstrømretning i spredningsdypet, eller varierer i stor grad, må det vurderes over en lengre periode enn minimumskravet på 4 uker.

Forslag til nytt punkt:

kartlegging av koraller, sårbare arter og sårbare naturtyper som svamp, sjøfjær og rødlistede arter/naturtyper.

Kommentarer til nytt punkt:

Kartlegging skal utføres med ROV eller sammenlignbar metode i henhold til Norsk Standard NS-EN 16260:2012. Undersøkelsene skal avdekke om det finnes truede, sårbare eller andre viktige naturverdier innenfor 1000 meter fra anlegget. Undersøkelsene skal foreligge før etablering eller en vesentlig endring av et anlegg. Undersøkelsene skal utføres av personell med relevant marinbiologisk kompetanse. De planlagte transektene skal godkjennes av Statsforvaltaren før de utføres. Eventuelle funn av koraller, andre sårbare grupper, samt øvrig identifisert fauna skal rapporteres inn i www.artsobservasjoner.no med bilder for å muliggjøre verifisering. Videomaterialet skal oversendes i sin helhet til Statsforvaltaren.

§ 36a. Minste krav til søknad for lokaliteter på land og i ferskvann

Lokaliteter på land som har utslipp til sjø:

a) opplysninger om hovedstrømretningen i det vannsjiktet der utslippet skal skje og eventuelt i andre dybdenivå som er relevant for å vurdere spredning av avløpsvannet.

b) bunndyrsundersøkelser etter metodikken for C-undersøkelse beskrevet i Norsk Standard NS9410 på minst tre stasjoner og en referansestasjon minimum 1 km fra omsøkt utslippspunkt.

c) kartlegging av koraller, sårbare arter og sårbare naturtyper som svamp, sjøfjær og rødlistede arter/naturtyper. Kartlegging skal utføres med ROV eller sammenlignbar metode i henhold til Norsk Standard NS-EN 16260:2012. Undersøkelsene skal avdekke om det finnes truede, sårbare eller andre viktige naturverdier innenfor 1000 meter fra anlegget. Undersøkelsene skal foreligge før etablering eller en vesentlig endring av et anlegg. Undersøkelsen skal utføres av personell med relevant marinbiologisk kompetanse. De planlagte transektene skal godkjennes av Statsforvaltaren før de utføres. Eventuelle funn av koraller, andre sårbare grupper, samt øvrig identifisert fauna skal rapporteres inn i www.artsobservasjoner.no med bilder for å muliggjøre verifisering. Videomaterialet skal oversendes i sin helhet til Statsforvaltaren.

Lokalitet på land som har utslipp til ferskvannsresipient:
Samme krav som for annen industri.